

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 20.07.20

Vår ref: 2020/922
Sakshandsamar: Eirin Kongestøl Espeland

Dykkar ref: 2020/49660-3

Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS

Alver, Rødland, Sjørneset – utfylling i sjø 10/16

Viser til brev av 23.06.20 frå Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS, med vedlegg, om ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest har sendt saka til Nordhordland Fiskarlag.

I Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy er det registrert gytefelt og kaste-/låssettingplass i tilknytning til omsøkte utfyllingsområde. Det blir òg fiska i område som ikkje er registrert då ein har «nye» fiskeri som t.d. leppefisk og kreps.

Fiskarlaget Vest finn ikkje å gå i mot utfyllinga, men arbeidet må gjennomførast på ein måte som hindrar mest mogeleg partikkelspreiing. Det må vurderast om ein bør setje inn avbøtande tiltak for å hindre spreiiing av massar. Arbeid i sjø bør òg leggjast utanfor gytasesongen for torsk (februar – april).

Fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er derfor grunnleggjande avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav. Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat.

Med helsing
Fiskarlaget Vest

Eirin Kongestøl Espeland
Rådgjevar

Kopi pr. mail: Nordhordland Fiskarlag, Alver kommune,
Fiskeridirektoratet region Vest, Fylkesmannen i Vestland